


Reformasjonens

5 Solas



Bremanger/Hauge 10.06.2017

Nåden og Trua åleine

Pakta ved Sinai-fjellet

Guds tilbod om ei ny pakt i staden for Abrahams-pakta, 2.Mosebok 19:4-5 «De har sjølve sett kva eg gjorde mot egyptarane, korleis eg bar dykk på ørnevenger og bar dykk til meg. Dersom de no verkeleg vil høyra røysta mi og halda pakta mi, då skal de vera min eigedom framfor alle folk – for heile jorda er mi».

Folket trudde at dette skulle dei klare! **2.Mosebok 19:5** «Då svara heile folket, alle saman: Alt det Herren har sagt, vil vi gjere»

Grunnen til at Lova kom, **Romerbrevet 5:20a** «Men lova kom til så fallet skulle verta stort»

Behovet for ei ny pakt

Konsekvensen av Sinai-pakta, **Hebreerbrevet 8:9b** «... for dei vart ikkje verande i mi pakt, og eg brydde meg ikkje om dei, seier Herren»

Signalet om ei ny pakt, **Jeremia 31:31-32** «Sjå, dagar kjem, seier Herren, då eg vil gjera ei ny pakt med Israels hus og med Judas hus. Ho skal ikkje vera som den pakta eg gjorde med fedrane deira den dagen eg tok dei i handa og førde dei ut or Egyptarlandet, den pakta med meg som dei braut, endå eg var ektemannen deira, seier Herren».

Efeserbrevet 2:13-15a «Men no, i Kristus Jesus, er de som før var langt borte, komne nær til ved Kristi blod. For han er vår fred, han som gjorde dei to til eitt og braut ned gjerdet som skilde dei, fiendskapen, då han ved sitt kjøt avskaffa den lova som kom med bod og føresegner»

Ei ny pakt som er fullkommen friedom

- **Kolossierbrevet 2:16** «La derfor ingen døma dykk for mat eller drikke eller av omsyn til høgtider eller nymånedagar eller sabbat!»
- **1.Korinterbrev 6:12** «Eg har lov til alt – men ikkje alt gagnar! Eg har lov til alt, men eg skal ikkje la noko få makt over meg»
- **Hebreerbrevet 12:22-24** «Men de er komne til Sions berg, til den levande Guds by, det nye Jerusalem, til myriader av englar, til høgtidsskaren og forsamlinga av dei fyrstefødde som er oppskrivne i himlane, til ein domar som er Gud for alle, og til åndene åt dei rettferdige som er fullenda, til Jesus, mellommannen for ei ny pakt, og til det reinsande blodet ...»

Formaninga under nåden

Apostelgjerningane 20:31 «Våk derfor! Husk at eg i tre år, natt og dag, ikkje heldt opp med å formane kvar einaste ein med tårer»

1.Korinterbrev 6:19-20 «Eller veit de ikkje at kroppane dykkar er eit tempel for Den Heilage Ande som bur i dykk, og som de har fått frå Gud? De høyrer ikkje lenger dykk sjølv til. De er dyrt kjøpte! Lat då kroppen vere til ære for Gud!»

Det nye livet under nåden

- **1.Peterbrev 1:18-19** «For de veit at det var ikkje med noko forgjengeleg, med sølv eller gull, de vart kjøpte fri frå den dårlege ferda som var arva frå fedrane, men med Kristi dyre blod, som blodet av eit ulastande og lytelaust lam»
- **1.Johannes brev 2:6** «Den som seier seg å vere i han, han er og skuldig å ferdast slik som han ferdast»
- **Titus 2:11-12** «For Guds nåde er openberra til frelse for alle menneske. Han opptukter oss til å fornekte gudløyse og verdslege lyster, og til å leve sedeleg og rettferdig og gudfryktig i den verda som no er ...»

Trua åleine

Romerbrevet 3:21-24 «Men no har Guds rettferd, som lova og profetane vitnar om, vorte openberra utan lova. Det er Guds rettferd ved tru på Jesus Kristus, til alle og over alle som trur. – For det er ingen skilnad, alle har synda og står utan ære for Gud. Og dei vert rettferdiggjorde ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus».

Romerbrevet 5:1 «Då vi no er rettferdiggjorde av tru, har vi fred med Gud ved vår Herre Jesus Kristus».

Hebreerbrevet 11:1-3 «Men tru er full visse om det ein vonar, overtyding om ting ein ikkje ser. For på grunn av den fekk dei gamle godt vitnemål. Ved tru skjønar vi at verda er skapt ved Guds ord, så det ein kan sjå, ikkje har vorte til av det synlege».